

Musikklaget spelar Hovden-salmar i Åkra

17.03.2009



Musikklaget øvar i kyrkja tysdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er berre ein myte at musikklaget vaknar til liv att ein gong i året - då julegrana skal tennast. For musikantane stiller også alltid opp under juletreffesten på Vonheim. Og no er dei meir aktive enn på mange år - på sundag har dei opptreden nummer tre på rundt rekna fire månader. Den går til og med føre seg ved ein annan fjord - i Åkra!



Bjørghulv Eik og Svein Sunde på øving i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I kyrkja i Åkra skal det vera 'Anders Hovden-kveld' og saman med organist Lars Eirik Tjeldflåt skal uskedalingane spela 10 salmar av diktarpresten.



Audn Eik og Ståle Eik på øving i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette er ei oppfølging av ein Hovden-kveld i vår eiga kyrkje for fem-seks år sidan. I samband med juletreffesten på Vonheim sa eg at det no var på høg tid å ta fram att Hovden, fortel Bjørgulv Eik, som med sine 76 er ein sprek eldstemann i musikklaget.



Knut Stensletten og Lars Myklebust på øving i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei andre som tek turen til Åkra for å spela i laget er Gunvald Friheim, Lars Myklebust, Ståle Eik, Audun Eik, Thor inge Døssland, Knut Stensletten, Svein Sunde, Albert Nybakk, Håvard Eik og Vegard Døssland og det betyr

at to svært unge 'rekruttar' er saman med dei som vi tillet oss å kalla 'gubbane'. Er dette kimen til ei nyrekruttering som vil heva musikklaget til gamle høgder?

Vi må heller ikkje gløyma at dirigenten er eit ungdommeleg innslag - ho heiter Magnhild Haugland!

Ellers teiknar det til å bli ein fin Hovden-kveld i Åkra. Frå startsalma 'Høyr kor kyrkjeklokka kallar' til finalen med 'Fagert er landet' vil ein oppleva eit tverrsnitt av ein imponerende salmeproduksjon som har vorte folke-eige.

Hans Olav Tungesvik vil mellom salmane fortelja om Ørsta-presten som også skreiv fleire romanar og barnebøker men som vart mest kjend som lyrikar og salmediktar.

Det seier noko om Hovden sin produktivitet at Nynorsk Salmebok inneheldt 128 salmar av Hovden i tillegg til 81 som han gjendikta.

Det blir i tillegg diktlesing og solosong under Hovden-kvelden.

Også uskedelingar bør ta turen.

Av Ola Matti Mathisen